

NORSKE ARKITEKTKONKURRANSER

Utgitt av Norske arkitekters landsforbund på oppdrag av Øygarden kommune

NR.
549
2023




ILL: Xx

Parallelloppdrag


STOVEVATNET I REGIONSENTERET STRAUME



Norske arkitekters
landsforbund



Nasjonale mål og internasjonale forpliktingar krev store utslippskutt. Ill: Team Stova i sentrum



Visjon for eit fyrårn i vest. Ill.: Team Straume Campus

Samarbeid for å skape eit attraktivt regionsenter

Parallelloppdraget har vist oss at vi gjennom gode prosessar og felles ambisjonar kan finne løysingar som kan løfte regionsenteret ytterlegare.

Eg har uttalt og står ved at vi har ein ambisjon om, saman med private aktørar, å skape Scandinavias mest attraktive regionsenter. Gjennom dei innspela vi har fått i parallelloppdraget, har vi ein stor mogletheit for det.

Eit av dei viktigaste læringspunkta eg sit igjen med, er at vi treng fleire grønne lungar i Straumeområdet. I oppfølginga av parallelloppdraget kan vi gi innbyggerne våre nettopp det. Eg uttalte ved starten av prosjektet at eg ønsker meg Øygardens svar på Sentral Park, og det er derfor gøy å sjå at begge forslaga frå arkitektane inneheld ulike store grønne område.

Gjennom parallelloppdraget har vi også vist at samarbeid mellom private og offentlege aktørar gir dei beste føresetnadene for å utvikle eit område. I tillegg vil det vere viktig med eit lokalt engasjement blant dei som bur og jobbar her, for å sikre god medverknad i den vidare prosessen.

Eg vil nytte anledninga til å takke alle som har bidratt i dette prosjektet. Det dannar eit godt grunnlag for vidare arbeid utifrå dei felles ambisjonane vi har for utvikling av Sotra Kystby.

Tom Georg Indrevik
ordførar



Ordfører Tom Georg Indrevik. Foto: Øygarden kommune

BAKGRUNN

Etter årevis med lange pendlarkøer inn og ut av kommunen, vert det no bygd eit nytt fastlandssamband mellom Øygarden og Bergen. Etter sommaren 2027 vil riksvegen gå i tunell under Straume sentrum. Massane frå tunnelen skal fyllast i Stovevatnet, og vi får dermed eit nytt tilgjengeleg areal sentralt i Straume Kystby. Trafikkavviklinga både til og frå sentrum, men også intern trafikkavvikling på Straume vil verta annleis enn den er i dag.

Øygarden kommunen ønskte gode forslag til utvikling av nytt sentrumsareal på og ved Stovevatnet, og korleis dette nye arealet skal henga saman med resten av Straume. For å få kreative og kompetente auge utanfrå til å sjå på moglegheitene for sentrumsutvikling, valde kommunen å lysa ut eit parallelloppdrag. Kommunen tok kontakt med sentrale grunneigararar, som gjekk med på å kosta arkitektkostnadane til eit slikt oppdrag. Samstundes vart det oppretta kontakt med Bylivsenteret i Norske arkitekters landsforbund, for å få prosjektstøtte til gjennomføringa av parallelloppdraget.

18 arkitektteam meldte seg i konkurransen. Det var jamt over høg kvalitet på tilboda, og to av desse teama peika seg særleg ut. Dei vart valde ut i frå ei spennande fagleg samansetting, og fordi dei viste ei svært god tilnærming til oppgåva dei skulle gjennomføra.

TEAM

UTVALGTE ARKITEKTTEAM

TEAM 1

”Team Straume Campus”

- NORD Architects, v/ oppdragsleiar Johannes Pedersen
- Edit
- Structor
- Transsolar Klima Engineering
- Rambøll

TEAM 2

”Team Stova i sentrum”

- VILL Arkitektur v/ oppdragsleiar Fredrik Barth
- Spacescape

PROSJEKTGRUPPE

Rune Landro

Assisterende kommunalsjef Kultur og samfunn, prosjektleiar og sekretær, Øygarden kommune (ØK)

Lisbeth Selstø

Areal- og samfunnsplanleggar, ØK

Kristina Espeseth

Samfunnsplanleggar, ØK

Råmund Skjold

Spesialrådgjevar, ØK

Christian Alsaker

Einingsleiar eigedom, drift og vedlikehald, ØK

Utgitt av Norske arkitekters landsforbund på oppdrag av Øygarden kommune.

VURDERINGSKOMITEEN

Teama sine forslag frå parallelloppdraget er gjennomgått av ein vurderingskomité med denne sammensettinga:

Bård Sødal Grasbekk

Leder for vurderingskomiteen, Bylivsenteret, Norske arkitekters landsforbund (NAL)

Rune Landro

Assisterende kommunalsjef Kultur og samfunn, prosjektleiar og sekretær, Øygarden kommune (ØK)

Linn-Cecilie Martinson

Landskapsarkitekt, Kommuneadministrasjonen, ØK

Marius Flesland Sylta

Kommunalsjef Oppvekst, Kommuneadministrasjonen, ØK

Merete Hauge

Overarkitekt, Utbygging/eigedom, Vestland Fylkeskommune (VF)

Liz Eva Tøllefsen

Seniorrådgjevar, Plan, klima og analyse/eigedom, VF

Kari-Anne Landro

Dagleg leiar, Vest Næringsråd

Konrad Ørn

Ungdommens kommunestyre, ØK

Marit Karin Schmidt Lie

Eldrerådet, ØK

KORT OM PARALLELLOPPDRAGET

Parallelloppdrag vil seia at fleire arkitektteam arbeider parallelt med å utvikla idear for same område. Det vert ikkje kåra ein vinnar, men dei ulike ideane kan brukast fritt når kommunen skal laga sine planar for utviklinga av Stovevatnet og vidareutviklinga av Straume.

I Parallelloppdraget for Stovevatnet valde kommunen ei oppdragsform med to arkitektteam. Dei to teama byrja arbeidet sitt i oktober 2022, og leverte forslaga i mars 2023. Det vart samla sett gjennomført tre seminar, inklusiv folkemøte. I samband med sluttseminaret var laga ei utstilling som visualiserte forslaga til arkitekt-teama. Ein lokal vurderingskomité arbeidde saman med teama undervegs i prosessen og har utforma ti råd til kommunen. Komitéen har skrivne denne rapporten i samarbeid med Bård Sødal Grasbekk i Bylivsenteret.

KVA SKAL PARALLELLOPPDRAGET SVARE PÅ?

Oppgåva var å sjå nærmare på løysingar for korleis Stovevatnet kan utviklast saman med etablerte og planlagde strukturar på Straume, etter etableringa av nytt Sotrasamband.

1. Funksjonar og strukturar: Korleis kan Stovevatnet komplettera etablerte og planlagde strukturar på Straume? Kva for funksjonsfordeling (både offentleg og privat), variasjon av bustadtypar, uterom (offentlege og private), friområde, blå og grønne strukturar og sosiale møteplassar treng vi i Straume sentrum for å leggja til rette for oversiktlege og gode lokalmiljø? Kva for arkitektoniske grep vil knyta sentrum saman og skapa ein visuell identitet?
2. Mobilitet: Korleis kan vi lykkast i å få eit stort areal/sentrum, som har ein regional skala, til å opplevast som kompakt og intimt, der vi har grønne (berekraftige, miljøvennlege og energieffektive) mobilitetsløysingar med mjuke trafikantar i fokus og korte avstandar til kvardagsfunksjonar?

SENTRALE TEMA SOM VART LAGT TIL GRUNN FOR OPPGÅVA:

- A. Berekraft – miljømessig/økologisk, sosial og økonomisk
- B. Klima, miljø og energi
- C. Urbane og romlege strukturar, arkitektur og landskap
- D. Mobilitet
- E. Funksjonsfordeling, optimalisering av offentlege (og private) bygg og uterom, utnytta potensialet for sambruk og samlokalisering
- F. Bustader, nærmiljø/lokalmiljø og formelle og uformelle sosiale strukturar

BILDER FRÅ PROSSESSEN

I samband med dei tre seminarane som vart gjennomførte undervegs i prosessen, vart det arrangert opne folkemøte med arbeidsverkstadar.

Innbyggjarar og interessentar har også kunna senda innspel, som har vorte vidareformidla til arkitektane og vurderingskomitéen. Innspela frå arbeidsverkstadane og dei som er sendt inn undervegs i prosessen har handla om:

- Bygga etter lokalt klima og landskapsformer
- Industri må ikkje komma i konflikt med andre

interesser

- Mobilitet for alle
- Fleire aktivitetar i sentrum
- Vi må ta vare på naturen
- Vi må tenka større
- Bustadtilbodet i sentrum
- Konkurrans mellom sentrum og periferi
- Klimautslepp og klimahandtering
- Straume må vera tilgjengeleg for alle



Representantar frå arkitekt-teama og NAL samla på oppstartseminaret. Frå venstre: Gisle Nataas (NAL), Anders Eide (Vill), Eric Reid (Edit), Vaar Bothner (Edit), Johannes Pedersen (Nord), Mari Proll Lien (Nord), Fredrik Barth (Vill) Bård Sødal Grasbakk (NAL).
Foto: Øygarden kommune



Synfaring i studieområdet. Foto: Øygarden kommune



Synfaring i studieområdet. Foto: Øygarden kommune



Gruppearbeid var ein viktig del av prosessen. F.v. Johannes Pedersen (Nord), Råmund Skjold (prosjektgruppa), Kari-Anne Landro (vurderingskomiteen) og einingsleiarane Knut Eivind Nygård og Hanna Gjesdal. Foto: Øygarden kommune



Godt oppmøte på folkemøtet på biblioteket/innbyggartorget.
Foto: Øygarden kommune



Ungdommens kommunestyre sin representant i vurderingskomiteen, Konrad Ørn, tok ordet på folkemøtet. Foto: Øygarden kommune



Politikarar og utbyggarar i ivrig diskusjon. Foto: Øygarden kommune



Johannes Pedersen viser Nord si utstilling.
Foto: Øygarden kommune



Fredrik Barth og Andreas Eide viser Vill si utstilling.
Foto: Øygarden kommune

ØYGARDEN KOMMUNE

Øygarden kommune er ein sentral kommune i Bergensregionen, og nest størst i Vestland med om lag 40 000 innbyggjarar. Framtidsprognosane våre viser vidare vekst i innbyggjartal og behov for bustad- og sentrumsutvikling. Næringslivet vårt dreiar frå å vera eit viktig servicesenter for olje- og gass, til å ta ein sterk posisjon i det grønne skiftet. Havbruk, fiskeri og handel er også viktige næringar. Naturen vår byr på rekreasjon og gode opplevingar, med lyngheiar, svaberg, smale sund, øyer og ope hav. Vi har eit mangfaldig foreinings- og kulturliv med idrettsanlegg og lokale kulturbygg, som legg til rette for kulturelle møtestader og sosiale nettverk.

Straume er kommune- og regionsenter i Øygarden, og har i dag dei fleste funksjonar for ein småby. Den første sentrumsutviklinga på Straume starta med ei næringsetablering og eit lite kjøpesenter, utan ein heilskapleg plan å sjå samanhengar ut i frå, eller å styra etter. Straume fekk sidan status som regionsenter, og arbeidet med å transformera Straume frå eit kjøpesenterområde til eit fullverdig og attraktivt bymiljø starta opp. Det vart forsøkt å kopla identiteten til Straume mot strileidentiteten med tilknytning til sjøen og kystlandskapet, men også Straume som ein stad der moderne teknologi vert nytta og utvikla.

Straume har langt på veg styrka sin posisjon som regionsenter og sentrum. Kommunen har dratt nytte av lokale utbyggingsaktørar med investeringsvilje, kompetanse og stor interesse for å utvikla området. Den seinare tida har kjøpesenteret blitt utvida. Det er bygd parkeringsanlegg under bakken for å frigjera sentrumsareal. Det er bygd bustadblokker og dei nye bygningane har i stor grad næring på gateplan. Sjølv om bystrukturane byrjar å ta form på Straume, er det behov for å gi meir plass til menneske og det urbane livet.

Straume vert for mange framleis opplevd som eit bilbasert kjøpesenterområde. Sjølv med Vestlandets største parkeringsanlegg i bakken, er det framleis mykje overflateparkering og trafikk i og gjennom sentrum. Sentrum vert også opplevd som stort og uoversiktleg, noko som kan ha skuld i at fleire av dei planlagde grepa om å etablera byromstruktur og nettverk av gang- og sykkelveggar ikkje er fullt ut gjennomførte. Samstundes manglar det ein heilskap i planlegginga og utviklinga av Straume, fordi fleire av dei sentrale areala aldri har blitt vurderte som ein del av transformasjonen. Fokuset i utviklinga har kanskje også vore for lite retta mot dei blå og grønne strukturane og identitetsskapande element.



Ordfører Tom Georg Indrevik var engasjert innleiar på fleire av samlingane. Kommunedirektør Johnny Breivik i forgrunnen. Foto: Øygarden kommune



Rune Landro, prosjektleiar og sekretær, Assisterende kommunalsjef Kultur og samfunn
Foto: Øygarden kommune

SAMFUNNSDELEN TIL KOMMUNEPLANEN

Øygarden - eit fyrtårn i vest, er visjonen vår. I denne visjonen ligg det viktige ambisjonar for kommunen og eit løfte til innbyggjarar, næringsliv, organisasjonar og frivillige om å vera ein framtidsretta og kunnskapsbasert samfunnsutviklar.

Samfunnsdelen til kommuneplanen inneheld fem hovudmål for utviklinga av Øygarden som samfunn og kommuneorganisasjon:

- 1. Øygarden er ein god stad å bu**
- 2. Innbyggjarane i Øygarden har god livskvalitet**
- 3. Øygarden er eit kompetent, innovativt og produktivt samfunn**
- 4. Øygarden er eit klima- og miljøvenleg samfunn**
- 5. Øygarden kommune er handlekraftig og innovativ**

For å nå desse målsettingane har vi tilhøyrande delmål, strategiar og arealstrategiar med senterstruktur. Samfunnsdelen til kommuneplanen er førande for alt vi gjer i kommunen vår, og ei berekraftig utvikling av Straume er sentralt i arbeidet for å nå måla våre for samfunnsutviklinga.

Under hovudmål fem har vi eit eige delmål om at «Straume er styrka som regionalt kraftsenter, både for Øygarden og Bergensregionen».

Slik skal vi gjera det:

- Vi skal vidareutvikla Straume som vekstkraftig kommune- og regionsenter, med eit attraktivt og levande sentrum som fremjar etablering av handel, kultur og tenestetilbod.
- Som planmynde, godkjenningssinstans, tenesteutviklar og tenesteproducent skal Øygarden kommune vera ein aktiv medspelar til utviklinga av Straume som vekstkraftig kommune- og regionsenter.
- Kommune- og regionsenteret vårt skal ha gode koplingar mot sjøen for å bygga opp under moderne kyst- og kulturidentitet. Vi har også eigne arealstrategiar om at vi skal styrka kommune- og regionsenteret som ein urban, trygg og inkluderande møteplass for alle innbyggjarane våre:
- Kommune- og regionsenteret er også næraste senter for sitt omland, og skal vera ein trygg og attraktiv stad å bu og veksa opp.
- Størst mangfald av offentlege og private tenestetilbod, med sterke klynger innan handel, næring, kompetanse, helse og kultur.
- Høgast grad av fortetting av bustader for å kunna oppretthalda mangfaldet av offentleg og privat tenestetilbod.
- Styrka kommune- og regionsenteret som det viktigaste knutepunktet for kollektiv og kommunikasjon/transport i kommunen, med effektive og gode transportlinjer mot resten av kommunen og Bergen.
- Prioritera potensialet i nytt areal på Stovevatnet til å utvikla gode og kommunale og regionale tenestetilbod tett på grønne strukturar, knyta saman nord-sør-aksen i Straume sentrum og leggja til rette for mjuke trafikantar.
- Bildøyna skal vera ei naturleg vidareutvikling av kommune- og regionsenteret med sentrumsfunksjonar, bustader og vidare vending mot sjøen.

VURDERINGSKOMITEEN SINE 10 TILRÅDINGAR FOR UTVIKLING AV STRAUME

Basert på arkitektgruppene sine forslag legger vurderingsgruppen frem ti råd til kommunen. Disse er også basert på innspillene fra medvirkende gjennom prosessen. Dette er råd på et overordnet nivå som peker ut en langsiktig retning. Hensikten med rapporten er å presentere kva som må til for å gi Straume sentrum gode sentrums kvaliteter slik som en kjenner det fra de historiske byene vi gjerne besøker. Den viktigste lærdommen fra de historiske byene er hvordan den tradisjonelle bystrukturen skaper gode byrom gjennom et nettverk av gater, plasser og torg. Dette er de fysiske rammene som må til for å legge til rette for et rikt og variert byliv.

Erfaring tilsier også at en tradisjonell bystruktur gir bedre arealeffektivitet, den reduserer behovet for transport og gir mindre behov for utbygging av teknisk infrastruktur.

Vurderingsgruppen anbefaler at rapporten blir lagt til grunn for vidare planarbeid og arbeid med konkrete prosjekter i Straume sentrum.

1. Finn samarbeidsformer som styrker Straume som eit regionalt kraftsenter
2. Styrk kompetansekyngene og bygg eit hjarta i sentrum
3. Lær av landskapet
4. Tilfør meir grønt og bruk vatn i byutviklinga
5. Sats på grøn mobilitet og mjuke trafikantar
6. Legg offentlege funksjonar og aktivitetar til hjarta i sentrum
7. Set fokus på korleis utforming og uterom påverkar menneska
8. Gjer kystbyen Straume til ein møteplass for alle generasjonar
9. Gjenbruk materialar for å redusera klimagassutslepp
10. Utnytt moglegheitene for grøn og lokal energiproduksjon

Videre i rapporten er utfyllende tekst om rådene samt innspill og forslag til kortsiktige og langsiktige tiltak. *Kortsiktig* innebærer at dette er tiltak som en kan komme i gang med raskt dersom en finner samarbeidspartnere, skaffer finansiell støtte eller det kan gjøres av private eller på dugnad. Det kan også være midlertidige tiltak som skal vare for en kortere periode, som et prøveprosjekt før en setter i gang med langsiktige tiltak. *Langsiktig* innebærer at dette krever lengre prosesser, som f.eks. politiske prosesser og vedtak, regulering, ekstern finansiering o.l. Listene på tiltak er ikke uttømmende eller i prioritert rekkefølge. Illustrasjonene er ikkje ferdige løysninger, men visualisering av mulige løysinger eller prinsipper.

UTDYPNING AV ANBEFALINGENE

1. RÅD - FINN SAMARBEIDSFORMER SOM STYRKER STRAUME SOM EIT REGIONALT KRAFTSENTER.

Ulike aktører og grupper i samfunnet har interesser i korleis Straume utviklar seg som regionalt senter. God dialog og samarbeid mellom kommunen, innbyggjarar, næringsliv og andre forvaltningsnivå kan bidra til at interessentane saman kan finna ei felles retning for utviklinga. Godt samspel kan utløysa større og betre investeringar, sikra ei føreseieleg utvikling og legitimitet for avgjerder som vert teken. Derfor må vi sikra openheit og medverknad i prosessar der avgjersler om prioriteringar vert teken.

Vi må også avklara dei ulike forventningane til prosess, finansiering og organisering. Slike forventningsavklaringar kan gjelda kven og når ulike interessentar bør involverast, kven som bør ta ansvar for kva og rekkefølga for planlegging og gjennomføring av tiltak. Kommunen må ta stilling til korleis eigne areal skal brukast og kva for areal som skal prioriterast å utviklast, men også ha eit bevisst forhold til at kommunen er ein stor eigedomsaktør.

Fleire funksjonar og tenester innafor kultur, idrett og administrasjon bør kunna optimaliserast gjennom samarbeid, sambruk og fleirbruk mellom Øygarden kommune og Vestland fylkeskommune.

Utviklinga av Straume tek tid, og det vil fortsetja å skje store endringar av struktur og uttrykk også dei neste tiåra. Det vil vera viktig å unngå at Stovevatnet blir liggande som ein grushaug eller som lagringsareal for lite estetiske element som t.d. brakker og containerar i påvente av bygging. Kommunen som grunneigar og ansvarleg samfunnsaktør bør derfor laga ein strategi for korleis midlertidige tiltak kan få det attfylte arealet til å vera eit innbyggjarvenleg, attraktivt og urbant område gjennom alle byggefasane. Dei midlertidige løysingane må også gjera området tilgjengelege for alle, og vera universelt utforma. Det er mange gode døme på midlertidig aktivisering i transformasjonsområde, gjerne der gjenbruk av materialar er sentralt: felleshuset på Nansenløkka på Fornebu, Salt i Oslo, Reffen i København, Seaside 2.0 på Hamar.

Kommunen og samarbeidsaktørar bør følgja rådet i Straume Campus om å finna eit fyrtårnprosjekt i tidleg fase, som kan mobilisera krefter til utviklinga. Det kan til

dømes vera eit konkret byromprosjekt, eit gjenbrukshus eller eit samarbeidsprosjekt for gjenbruk i byggeprosjekt eller eit kulturanlegg. Fyrtårnprosjektet må vera så attraktivt at det greier å tiltrekke seg eksterne aktørar og skapar engasjement og interesse for deltaking. Fyrtårnprosjekt må verta kjent og framsnakka i fleire kanalar, slik at det er godt forankra i heile kommunen.

Forslag til tiltak:

- Rigg ei intern organisering med gjennomføringskraft til å følga opp parallelloppdraget.
- Utarbeid ein «samarbeidsstrategi» for samspel og samarbeid mellom lokale og regionale krefter. «Samarbeidsstrategien» må avklara kva areal kommunen skal eiga, kva areal andre aktørar skal eiga, kva driftsformer som eignar seg for sambruk av bygg og areal og kven som skal ha kva rolle i utviklinga. Driftsansvar- og kostnadsdeling av drift av offentlege areal, uterom, parkar, anlegg og bygningar, eigarform på parkeringsareal og eventuelle parkeringsavgifter bør også avklarast i strategien.
- Lag ein strategi for trinnvis utbygging og korleis dei ulike byggefasane skal gjennomførast. Universell utforming og tilgjenge må prioriterast gjennom dei ulike byggefasane.
- Finn eit mobiliserande og engasjerande fyrtårnprosjekt gjennom samhandling med relevante aktørar.
- Sørg for god kommunikasjon, involvering og medverknad på tvers av aktørar og samfunnsgrupper når det vert laga strategiar og planar.

2. RÅD - STYRK KOMPETANSEKLYNGENE OG BYGG EIT HJARTA I SENTRUM

Straume har fleire spesialiserte funksjonsklynger, der særleg helse i nord og idrett og industri/næring i sør merkar seg ut. Vi bør forsetja å styrka desse klyngene, både på lokalt og regionalt nivå. Vi må våga å vera tydelege på at desse klyngene er våre satsingsområde, og gi dei fleire spesialiserte funksjonar.


Spesialiserte klyngefunksjonar bør koplast betre saman med nabolaga og bustadmiljøa rundt. Dette kan løysast ved å gje innhald til ein urban akse frå Skjenet i nord til industriområdet i sør.

Spesialiserte klynger gir oss også handlingsrom til å skapa eit fleirfunksjonelt knutepunkt i sentrum. Vi kan skapa eit hjarta i sentrum med allsidige funksjonar som representerer vårt moderne samfunn. Vi bør derfor samlokalisera vidaregåande skule og ev. andre utdanningstilbod, rådhus med demokratisk møteplass for innbyggjarar, lag- og organisasjonar, mobilitetshub, kulturhus, bibliotek, fleirbruks-/idrettshall, symjehall og bustader for ungdommar og studentar sentralt, i hjarta av sentrum. Eit slikt fleirfunksjonelt knutepunkt kan gje grunnlag for etablering av fleire kompetansearbeidsplassar. Saman med elevmassen i utdanningsinstitusjonane vil sentrale arbeidsplassane kunna gi auka næringsaktivitet for til dømes kafé, kantine eller sykkelverkstad.


Vi må i større grad sjå på samanhengar mellom landskap, natur, vatn, byromdesign, visuelle kvalitetar, arkitektur, den menneskelege skalaen og mangfaldet. Derfor bør vi følgja råda frå begge arkitektteama, om å laga oss prinsipp for byutviklinga eller ein designmanual som gir føringar for ein «Straumestandard».

Forslag til tiltak:

- Styrk identiteten og den regionale rolla til dei eksisterande funksjons- og kompetanseklungene ved å gi dei ein målretta strategi.
- Planlegg eit hjarta i sentrum, med ei blanding av funksjonar som i forslaget Straume Campus.
- Styrk sentrum ved å tilføra og blanda funksjonar, slik at det oppstår nye sosiale synergjar.
- Styrk aksene og koplinga frå nord til sør med urbane element og funksjonar, slik at utviklinga av hjarta i sentrum koplar saman Straume.
- Lag ein «Straumestandard» som gir retning og føringar for den vidare byutviklinga.



Synergi mellom ulike funksjoner



Byfortetting og forbindelser til naturen



Nytt Campus

3. RÅD - LÆR AV LANDSKAPET


Vi må bygga med landskapsformene for å ivareta særpreget og kontakten Straume har mot sjøen. Dei tverrgående glipene og dalane i terrenget, må utnyttast betre til å styrka identiteten til Straume som kystby. Bygningar og infrastruktur må leggjast til dei allereie etablerte og grå flatene.

Vi må plassera bygningar varsamt i landskapet, og med respekt for dei terrengformasjonane vi har. Då må vi også tenka på korleis høgda til bygga påverkar omgjevnadane, og ikkje plassera høge bygg høgt i terrenget. Samtidig må vi gjera bygg, vegar og uterom robuste til å tåla konsekvensane av meir ekstremvær. Bygg må plasserast og utformast slik at dei skapar le for vinden og gir lune uterom og lyse stader å vera.

Dei fem delområda i forslaget Straume campus er gode døme på korleis vi kan lykkast med ei naturbasert byutvikling, der vi kan tilpassa oss eksisterande terreng, og samtidig skapa intime byrom og mikroklima som gjer det triveleg å opphalda seg der.

Forslag til tiltak:

- «Straumestandarden» må visa og gi føringar for korleis vi skapar ein by for menneske med bynatur, grønne aksar og innhaldsrike og imøtekommande byrom.
- Nye bygg og infrastruktur bør i hovudsak leggjast til etablerte flater og plasserast slik at dei ikkje kjem i konflikt med viktige siktlinjer.
- Vi må bygga med landskapet, ta vare på identitetsskapande landskapsformasjonar og unngå å bygga på kollor og høgder i terrenget.
- Dei tverrgående koplingane frå vest til aust må ikkje byggast att, men settast av som blågrønne aksar, som både er visuelle og fysisk tilgjengeleg for innbyggjarane i Øygarden.
- Kommunen bør vurderast å erverva eigedommane i dei blågrønne tverraksane som i dag er i privat eige, og som kan gje tilgjenge til sjø for allmenta.
- Plasser og utform bygg og uterom slik at vi skapar le for vind og vær.
- Sørg for god soleksponering på uterom, men også på bygningar for ENØK og energiproduksjon.



Framherskande vindretningar. III: Team Straume Campus

4. RÅD - TILFØR MEIR GRØNT OG BRUK VATN I BYUTVIKLINGA

Forslaget «Stova i sentrum» har gode grep for korleis vi kan tilføra meir natur til byutviklinga, for trivsel og av omsyn til miljø og klima. Vi bør følgja opp deira strategi «Vi skapar meir grønt enn vi tar», som går ut på at vi må bygga tettare enkelte stader for å kunna gje plass til større grøne område og parkar andre stader. Her introduserer dei også eit tankesett om natur før byliv, byliv før byrom, byrom før bygg, og aller sist bygg. Vi bør også følgja «Stova i sentrum» sitt råd om å laga ein verktøykasse for biologisk mangfald til bustadprosjekt og utareal, for å sikra at alle prosjekt gir meir enn dei tek.

Straume har mange grå overflatar og få tilrettelagte grøne areal for opphald og lek. Skjenemarka er ein grønn ressurs tett på Straume sentrum, men må koplast betre på dei framtidige sentrumsområda. Marka må vera tilgjengeleg frå fleire kantar og vil kunna bli eit viktig friluftsområde og målpunkt for mjuke trafikantar. Skjenemarka kan utformast med enkle naturbaserte grep slik som Lyreneset på Laksevåg, for å leggja til rette for eit mangfald av gode uteareal. Universell utforming må leggest til grunn for tiltak som skal gjennomførast.

Det vert tilrådd å leggja til rette for ein langstrakt park jf. Campus Straume, som snirklar seg innanfor dei ulike delområda i sentrum og som saman utgjer ein stor park. Grepet vil spela ei viktig rolle for å knyta sentrum saman og ikkje skapa store fysiske og mentale avstandar.

Sjøen er blant kvalitetane i kommunen og den bør også vera tilgjengeleg for innbyggjarane som bur sentralt på Straume. Betre kopling til sjøen og friluftsområda som Skjenemarka, vil styrke opplevinga av å bu i nærleiken til sjø og friluftsliv, men samtidig i eit urbant område. Bustadmiljø med tilgang til grøne friområde, turstiar og sjø, stimulerer til fysisk aktivitet, trivsel og betre folkehelse for alle aldersgrupper.

Stovevatnet er i dag ein viktig resipient for overvatn frå nedbør. Når vatnet vert fylt igjen, må overvatnet handterast på andre måtar, både for fordrøying, infiltrasjon i grunnen, reinsing og føring til sjøen. Overvatnet er ikkje berre ei teknisk utfordring, men også eit spennande element med sterke kvalitetar og eigenskapar. Vatn bør nyttast for å bidra til auka trivsel, betre rekreasjon og sunt naturmiljø.

Det vert tilrådd at overvatnet blir nytta som eit designelement eller «smykke» i grøntområda, og terrenget kan nyttast til å skape variasjon i vassløp i renner, kaskadar, dammar og regnbed. Fordrøying og reinsing av overvatn treng areal i både større og fleire mindre område.

Forslag til tiltak:

- Lag eit mål i «Straumestandarden» om at vi skapar meir grønt enn vi tek, jf. Stova i sentrum.
- Lag ein verktøykasse for natur og vegetasjon som skal tilføra grøne verdiar og som tar utgangspunkt i lokalt klima.
- Bevar Skjenemarka som naturområde og legg til rette for friluftsliv med enkle og skånsame grep.
- Planlegg for ein langstrakt park som koplkar saman dagens og det framtidige sentrum. Dra nytte av den austlege delen av Stovevatnet til eit mellomstort vatn for overvasshandtering og biologisk mangfald.
- Sørg for at det er kort avstand frå bustader til nærmaste rekreasjonsområde.
- Etabler betre forbindelsar til sjø og friluftsområda. Allmenningen frå Varden til sjøen er ein påbegynt blågrøn forbindelse som bør prioriterast å fullførast. For å gje denne allmenningen merksemd og identitet bør det tilførast eit samanhengande designelement frå sjøen til Varden.
- Lag føringar i «Straumestandarden» for blågrøne uteareal som inkluderer prinsipp om overvasshandtering, og korleis vatn kan nyttast som ressurs for attraktive byrom og møteplassar.
- Skap eit samanhengande blågrønt system som koplkar saman infrastruktur og mjuk mobilitet.
- Styrk identiteten til Straume ved å leggja til rette for kontakt med vatn. Etabler kanalar og dammar av overvatn frå nedbørsfelt.

5. RÅD - SATS PÅ GRØN MOBILITET OG MJUKE TRAFIKANTAR

Nytt byggeareal på Stovevatnet må kopla seg på den eksisterande og planlagde infrastrukturen. Det bør lagast eit tydeleg hierarki for bilar, bussar, syklande og gåande, og ikkje minst opphalds- og aktivitetsområde.

Mjuka trafikantar må ha ei høgare prioritering enn i dag, noko som bør tydeleggjerast i «Straumestandarden» gjennom prinsipp og design for gater. I forslaget Stova i sentrum vert det foreslått 4 gatetypar med tydelege prioriteringar, som kan vera nyttig å leggja til grunn: gangfartgate, lågfartgate, lågfartgate med buss og høgfastgate. I gateutforminga bør vi også leggja vekt på variasjon og kvalitet i den estetiske utforminga av bygg og grønne område, for å gjera gatene attraktive.

Urbaniseringa i den nord/sørgåande retninga bør styrkast. Samtidig vil tverrgåande blågrøne koplingar bidra til å styrka bylivet, skapa variasjon i lange og monotone gater og gjera det lettare å orientera seg. Grønmyrvegen bør utviklast som akse for byliv og hovudtrasé for mjuka trafikantar. Denne aksen bør utformast som ei lågfartgate slik at mjuka trafikantar opplever seg som prioritert trafikant. Aksen kan vidareførast som ei bygate mot nord og dagens rådhusområde. Det bør leggjast inn målpunkt og publikumsretta aktivitetar langs heile aksen.


Stova i sentrum tilrår at vi effektiviserer bruken av Kystbygarasjen, og at nye parkeringsplassar til bustader vert samla i felles mobilitetshus for fleire nabolag. Mobilitetshusa tilbyr eit breitt spekter av transporttenester og delte køyretøy, har offentlege aktivitetar i første etasje, og privat parkering er på toppen. Mobilitetshusa bør dimensjonast for å kunne gjenbrukast til anna føremål.

I «Straumestandarden» bør kommunen innarbeida ein parkeringsstrategi for sentrum som tek opp i seg ei slik effektivisering og løysingar for mobilitetshus. Ein parkeringsstrategi bør i tillegg til bustadparkering og kommersiell parkering, ta for seg løysingar til VGS, offentlege tenester, arbeidsplassar og innfartsparkering. Her må det også leggjast vekt på at enkel tilkomst i sentrum krev overflateparkering ved inngang for nokre av innbyggjarane våre. Eigardforma til parkeringsanlegg/mobilitetshus må avklarast i samspel med relevante aktørar.

Senterområdet må vere attraktivt også for dei som bur i bygdene, lokalsentera eller kommunedelsentera. Alle innbyggjarane våre bør ønskje å reise til Straume, og ikkje berre ta bussen eller køyre bilen vidare til Bergen. Derfor må vi gjera det enkelt for dei som ikkje bur i sentrumsområda, å komma seg til å frå sentrum på enkelt vis.

Forslag til tiltak:

- «Straumestandarden» må definera hierarkiet for det framtidige gatenettet slik «Stova i sentrum foreslår. Her må mjuka trafikantar ha høgast prioritering, men motorkøyretøy må også få eigne «høgfastgater». Utforming av gater må sjåast i samheng med prinsipp for byform og bygningar, jf. Stova i sentrum.
- Strategiar for parkering, varelevering og logistikk må innarbeidast i «Straumestandarden».
- Grønmyrvegen skal prioriterast som hovudtrasé for mjuka trafikantar (lågfastgate), med aktivitetar og målpunkt langs aksen og med tverrgåande koplingar.
- Overflateparkering skal prioriterast for universell utforming, og tette bystrukturar skal gjera sentrum tilgjengeleg for alle innbyggjarane våre.
- Parkeringsanlegget i nordre delen av Sartor storsenter (under dagens OBS!) og denne delen av Sartorvegen, bør erstattast med meir byutvikling, fokus på mjuka trafikantar og aktivitet mot gatenivå.
- Vurder moglegheita for etablering av eigne mobilitets- og parkeringshus, som inneheld andre kvardagsfunksjonar som hentepunkt for varer og post. Plasseringa av mobilitetshusa må bidra til å kanalisera motorisert ferdsel, og tilpassast ut i frå gatehierarkiet.
- Kollektivknutepunktet og dei sentrale sentrumsområda må vera lett tilgjengeleg for alle.
- «Straumestandarden» bør visa korleis vi legg inn identitetsskapande element i gatenettet og traseane for mjuka trafikantar. Det kan vera gjenkjennande element som fargesetting, strekar i gangarealet, kunst eller lyssetting.



Mobilitetsskjema. III: Team Stova i sentrum



Begge teama foreslår å forbinde sentrum bedre for mjuke trafikantar. III: Team Straume Campus

6. RÅD - LEGG OFFENTLEGE FUNKSJONAR OG AKTIVITETAR TIL HJARTA I SENTRUM

Vurderingskomiteen meiner at eit sterkt hjarta i sentrum vil vera eit nødvendig utgangspunkt for å skapa eit godt og tilgjengeleg sentrum for alle innbyggjarane våre. Straume Campus foreslår eit sentralt område vest i studieområdet, som dei kallar Campusplassen. Her vert det foreslått å skapa eit sentralt tyngdepunkt der demokrati, kultur, utdanning og mobilitetshub med bussterminalen vert kopla saman rundt gode uterom. Når vi samlokaliserer så mange offentlege bygningar og funksjonar må vi også sørgja for at det er aktivitet i området etter stenetid. Avtaler om sambruk og samarbeid mellom aktørar for å sørgja for bruk og aktivitet gjennom døgnet vil vera viktig for at hjarta i sentrum skal opplevast som trygt.

Den nye kollektivterminalen bør etablerast med utvida mobilitetsfunksjonar, som oppstillingsplass for sykkel, el-syklar og taxi. Det bør også settast av plass til attraktive tilbod til ventande passasjerar, som kiosk eller ladepunkt. Terminalområdet må ha god funksjonalitet for manøvrering av eit stort tal bussar, venteareal og pauserom for sjåførar.

Plasseringa av den vidaregåande skulen sentralt og vest i studieområdet, vil kunne knyte skulen fint til eksisterande urbane strukturar, og den vil vera lett tilgjengeleg frå den nye kollektivterminalen. Forslaget Straume Campus viser ei organisering av skulen rundt fellesrom, utan blindvegar og baksider som bør utviklast vidare. Skulebygget bør stå fram som inviterande og transparent på bakke- og gateplan, og ha arkitektur som stolt viser fram alle aktivitetane. Som den femte fasaden bør taket bli nytta som formelement. Om naudsynt kan ein fjerdedel av uteoppfallsarealet liggje på tak, under føresetnad av god samanheng med utearealet på bakkeplanet.

Tette strukturar og korte avstandar vil gjera sentrum meir tilgjengeleg for alle innbyggjarane våre, og er sentralt for å lykkast med universelle utforming. For å skapa gode kvardagsliv for dei som bur på Straume, må vi også ha korte avstandar mellom bustader og funksjonar. Vi må også sjå nærmare på behovet og lokalisering for barneskular og barnehagar i samanheng med andre funksjonar og etablering av bustader, også familiebusstader. Det bør også definerast nærmare kva typar barnehagar og skular vi skal ha på Straume. Skal dei vera store og sentrale som eit oppvekstun, eller vera meir lokale og tett på nærmiljøa?

I samband med utfyllinga av Stovevatnet bør det vurderast om grunnen/fyllinga kan utnyttast til å bygga noko under bakken. Det bør undersøkast om vi kan spara både miljø og økonomi ved å t.d. leggja parkeringskjellar eller delvis anlegg for idrett og kultur der det uansett skal fyllast att. Her kan vi utnytta ein moglegheit til å unngå å sprenging til noko vi uansett kjem til å bygga.

Forslag til tiltak:

- Skap eit hjarta i sentrum, med inspirasjon frå Campusplassen.
- Bruk «samarbeidsstrategien» frå råd 1 til finna gode løysingar for sambruk og samlokalisering av bygg og funksjonar, som skapar aktivitet gjennom døgnet.
- Legg den vidaregåande skulen sentralt i hjarta i sentrum, med god kopling til kollektivterminalen.
- Sjå utviklinga av Straume i samanheng med eit endra eller auka behov for barneskular og barnehagar. Her må heile regionsenteret vurderast samla.
- Definer typar barnehagar og skular som skal vera i regionsenteret, og kva lokalisering som styrkar by- og kvardagslivet til innbyggjarane.
- Vurder ei eventuell lokalisering av ny barneskule nord for Skjenemarka ved barnehagen.
- Utgrei moglegheita for å utnytta grunnen/fyllinga i Stovevatnet til å etablere t.d. parkeringskjellar eller anlegg for idrett og kultur (delvis) under bakken.



Ill: Team Straume Campus

7. RÅD - SET FOKUS PÅ KORLEIS UTFORMING OG UTEROM PÅVERKAR MENNESKA

Bygningane på Straume er i dag store og massive, og vi bør i større grad skalera ned til ein meir menneskeleg skala slik at det vert betre kontakt med det som skjer på bakkenivå. Alle dei flate taka som i dag vert bygd gir eit monotont uttrykk og tilfører i liten grad noko identitet til Straume. Vi bør framover leggja vekt på meir variasjon i arkitektur og uttrykk, og tenka meir på korleis utsjånad, størrelse og høgder påverkar identiteten til staden. Korleis vil vi eigentleg at kystbyen vår skal sjå ut, og kva er det som gjer den særeigen?

Bygga og uteromma må vendast mot publikum og det bør leggest til rette for eit mangfald av aktivitetar i alle sentrale offentlege rom. Noko så enkelt som ein benk og litt fargerik vegetasjon, riktig plassert i solfylte og lune omgjevnader, kan vera nok til at det oppstår ein uformell møteplass som gir kvalitet til staden, og skapar kontakt mellom dei som ferdast i sentrum.

Vurderingskomiteen tilrår at vi bygger berekraftig, robust og inspirerende med eit heilskapleg uttrykk, samstundes som vi tørr å ha ein variasjon i fasadelivet. Vi tilrår å finna Straume sin lokalt inspirerte typologi med bygg på 3-5 etasjar. Gjerne med saltak lik framsidebiletet til «Stova i sentrum», og der fasadane er trekt heilt til der fortauet startar. Vi vil då få meir kontakt med gateromma, og gatene vert attraktive å ferdast i som mjuk trafikant, gitt at farten på biltrafikken er lav.

Vurderingskomiteen tilrår at 1. etasjane i dei mest sentrale områda er høge og aktive eller transparente. Slik vil vi kunna sjå kva som går føre seg i bygga, og det oppstår meir kontakt mellom livet inne og ute. Vi må bygga korte nok fasadar til at det vert opna for smett og smau mellom gatene. Ønskjer vi oss liv og aktivitet i gatene kan vi ikkje ha lange monotone bygningar langs gatene våre.

Det må takast grep for å få eit breitt aktivitetsmangfald og meir «liv» i sentrum, frå morgon til kveld, og leggja til rette for fleire uformelle møteplassar for alle. Det er ein

klar fordel å samlokalisera offentlege funksjonar og attraktive uteareal og parkområde til sentrale punkt i sentrum. Kort avstand til kollektivterminalen med tilgang på offentleg transport og andre transportmiddel som t.d. sparkesyklar og sykkelutleige gjer sentrum tilgjengeleg for alle brukarar.

Alle innbyggjarar bør sikrast god og fortrinnsvis direkte tilgang til uteoppholdsareal med eit mangfald av vegetasjon. Det er viktig å sikra godt med fellesareal i tillegg til private eller halv-private uteområde. Samtidig vil større felles og offentlege uteområde på bakken kunna dekkja noko av behovet for uteområda til bustadane, særleg for plasskrevjande leik.

Alle uteareal må vera universelt utforma og dei offentlege uteareala skal innehalda identitetsskapande element som er definert i «Straumestandarden». Utforminga kan bygga vidare på den grafiske profilen som blei utvikla i samband med kommunesamanslåinga, og som hentar sterk inspirasjon frå kystlandskapet og den utprega Øygardsidentiteten. T.d. kan det plasserast ut gule benkar i alle fellesområde.

Vi må gi meir plass til barnefamiliane, både dei store og dei små. Eit barneliv i byen krev at foreldre opplever det som trygt å senda barna ut til byromma og gatene. Familiar etterspør ulike bustadtypar tett inntil alle sentrumsfunksjonane. For å gi plass til alle må vi også på Straume bygga bustader som ligg mellom segmentet bustadblokker og einebustader.

Forslag til tiltak:

- Bruk arbeidet med «Straumestandarden» til å definera føringar for arkitektur, utforming av bygningar, byrom og uteareal, møblering og innhald til offentlege areal.
- Våg og utfordre for å tilføra ein eigen identitet til Straume og reduser bygningar til ein meir menneskeleg skala.
- Vurder kva for type bygningstypar vi treng for å skapa meir mangfald og gi plass til alle generasjonar.



8. RÅD - GJER KYSTBYEN STRAUME TIL EIN MØTEPLOSS FOR ALLE GENERASJONAR

Korleis vi utformar Straume for barn og unge vil ha mykje å seia for folkehelsa. Dersom vi klarar å skapa attraktive uteareal med trygg tilkomst vil fleire bevega seg ut i sentrum. Uformelle møteplassar som legg til rette for kontakt mellom menneske kan redusera kjensla av einsemd. Folk trekker folk, og derfor er det behov for eit mangfald av uteareal på tvers av aldersgruppe.

Deler av byromsstrategien i forslaget Straume Campus set fokus på generasjonar i sentrumsutviklinga. Vi har ei aldrende befolkning, og er avhengig av at samfunnet er tilrettelagt for eldre, slik at dei kan verta meir sjølvhjelpen i tida framover. Det er derfor viktig å leggje til rette for korte avstandar til ulike teneste og sosiale miljø, slik at dei eldre kan ta seg fram på eigenhand og nytta alle dei tilgjengelege tilboda.


Ungdom har ei viktig stemme, men blir ofte ikkje høyrte. Det er i prinsippet enkelt å leggja til rette for uteareal og miljø for mindre barn, men kva interesserer ungdommen seg for og kor treff dei kvarandre? Deira interesser kan variera frå ei tid til ei anna, og variera innanfor ulike sosiale miljø. Vi må engasjera og inkludera ungdommen i sentrumsutviklinga på Straume, og dra nytte av deira engasjement og kunnskap. Ved planlegging av midlertidige installasjonar og prosjekt i dei ulike

utbyggingstrinna på Stovevatnet må ungdommane inkludera, og deira stemme må bli høyrte.

Ei kompakt sentrumskerne med korte avstandar mellom leikeareal og barnevennlige uterom, vil kunna få fleire barnefamiljar til å etablere seg i og nær Kystbyen Straume. Dei siste åra er det etablert fleire spennande byrom på Straume. Grønapplassen er blitt eit fint døme på ein solvendt plass, med enkelt, men interessant innhald og fleire estetiske element. Vurderingskomiteen tilrår at det vert etablert fleire slike multifunksjonelle byrom tilpassa barn og unge, slik at Kystbyen Straume til slutt vil enda opp med å ha eit nettverk av gode utemiljø og møteplassar.

Forslag til tiltak:

- Uteromma må ha innhald og utforming som appellerer på tvers av aldersgrupper, slik at dei skaper uformelle møteplassar for ulike generasjonar.
- Nordre del av sentrum vert foreslått med bustadar tilpassa ulike bebuarar, nær den eksisterande sosiale infrastrukturen, jf. forslaget Straume Campus.
- Inkluder barn og ungdom i planlegginga av midlertidige og permanente utemiljø.



9. RÅD - GJENBRUK MATERIALAR FOR Å REDUSERA KLIMAGASSUTSLEPP


Det bør arbeidast vidare med forslaget om å redusera klimagassutsleppa i byggebransjen. Her har kommunen eit ansvar både som eigedomsaktør, byggherre og planmynde, men også i samarbeidet med andre offentlege og private aktørarar. Jo fleire som omstiller verdikjedane sine innan bygg og anleggssektoren, jo fleire innovative løysingar vil vi kunna finna der vi kan gjenbruka og oppsirkulera materiale. Lokal produksjon og gjenbruk vil også føra til mindre behov for transport, fleire lokale arbeidsplassar og bidra til å gje kommunen ein miljøvennleg profil.

Eit transformasjonshus for gjenbruk og oppsirkulering av byggevarer bør etablerast utanfor sentrumsområdet. Industriområdet på søre Straume kan vera ei god plassering, då ei slik bedrift vil kunna vera eit tilskot til den spesialiserte klynga. Her kan det vera plass til både profesjonelle aktørar og private hobbyprosjekt, men også for undervisning. Ein slik funksjon må sjåast i samanheng med bygg- og anleggsgag ved den vidaregåande skulen, men ha også eit potensiale for samarbeid mot renovasjonspunktet til ØyVAR i Lonavegen. Vi bør i tillegg finna plass til ein meir sentralt lokalisert gjenbruks-HUB, med eit breiare aktivitetstilbod med verkstad og utsal av

Kommunen må i fellesskap med aktuelle aktørar avklare kva funksjonar og driftsform transformasjonshuset og gjenbrukshuben bør ha. God involvering gjennom heile prosessen er viktig.

Forslag til tiltak:

- Skap ein felles kultur for gjenbruk og oppsirkulering av materiale i utviklinga av Straume. Bruk løa i Sartorlunden som modell og utstillingsvindauga for vidare arbeid.
- Definer ein forretningsmodell for gjenbruk og oppsirkulering av materialar i «Samabeidsstrategien» frå råd 1. Her er det sentralt at den vidaregåande skulen og eventuelt andre kunnskaps- og utdanningsinstitusjonar vert kopla på.
- Bruk dei kommande planprosessane til å lokalisera eit transformasjonshus og ein sentral gjenbrukshub. Vurder om det er midlertidige lokalsjonar som kan brukast på kort sikt, for å komma i gang med gjenbruk og oppsirkulering.
- Lag ambisjonar for gjenbruk ved bygging og rehabilitering av kommunale bygg, og ver til inspirasjon for andre offentlege og private aktørar.



10. RÅD - UTNYTT MØGLEGHEITENE FOR GRØN OG LOKAL ENERGIPRODUKSJON


Forslaget Straume Campus viser til at vi gjennom offentlig og privat samarbeid og alliansar kan utnytte dei fysiske rammene og ressursane våre til å sikra ein fleksibel, robust og framtidretta bygningsstruktur. Det vil gi oss moglegheiter for å ta i bruk berekraftige, fleksible og nytenkande forsynings- og energisystem.

Det eksisterer allereie eit mangfald av tekniske løysningar for å produsera og bruka energi lokalt, for enkeltbygg, nabolag eller område. Vi vil kunna forventa at energiproduksjon integrert i bygg og anlegg vi bli enklare med nye teknologiar.

Campus Straume viser også til ein mogleg metode for å laga eit klima og berekraftskonsept, som kan vera til inspirasjon for vidare utvikling av Straume.

Forslag til tiltak:

- Lag eit klima og berekraftskonsept for Straume, som ser samanhengen i tilpassingane til klimaendringane, reduksjon i klimagassutsleppa, utnyttar ressursane og har tekniske system som bidreg til å produsera lokal energiforsyning.



Oppsummering av teamets forslag. Se hele forslaget på kommunens hjemmeside.



STRAUME CAMPUS

TEAM

NORD ARCHITECTS

EDIT

STRUCTOR

TRANSOLAR KLIMA ENGINEERING


RAMBØLL

Om forslaget


Forslaget legg vekt på overordna byanalysar, der teamet har identifisert nokre utfordringar og moglegheiter ved dagens strukturar i Straume sentrum. Analysane har ført fram til 6 overordna strategiar, som vidare er skisserte opp i meir konkrete grep.

Dei 6 overordna strategiane er:

1. Lær av landskapet
2. Styrk kompetanseklyngene
3. Eit innovativt Straume sentrum
4. Etabler blågrøne koplingar
5. Sats på grøn mobilitet
6. Fyrtårnprosjekt for heile Øygarden kommune



Forslag til ulike delområder.





Motstandskraft og klimatilpassing.

1. Lær av landskapet

Naturbasert byutvikling bør vera ein strategi for sentrumsutviklinga. Bygg med landskapsformasjonane og utnytt bygg og terrengformar til å skapa skjerming av vær og vind, men også til å gi lys og luft. Legg hovudvekta av utviklinga til etablerte flater og infrastruktur, og ver varsam når nye bygg skal leggst i landskapet.


Studieområdet er delt inn i fem delområde, som alle tek utgangspunkt i at terreng og lokal topografi skal skapa ein særleg identitet: Plataet, Campusplassen, Campusparken, Skråningen og Skrenten.



Teamet har identifisert dei eksisterande funksjons- og kompetanseklungene.

2. Styrk kompetanseklungene


Styrk dei eksisterande funksjons- og kompetanseklungene på lokalt og regionalt nivå, som til dømes Helse, idrett og industri. La samstundes sjølve sentrum bli eit fleirfunksjonelt tyngdepunkt, og skap sterke koplingar mellom sentrum og klyngene. Skap nye sosiale synergjar og møteplassar. Bruk blågrøne strukturar til å styrka identiteten.



LÆR AV LANDSKAPET




STYRK KOMPETANSEKLYNGENE



ET INNOVATIVT STRAUME SENTRUM

3. Eit innovativt Stråme sentrum


Styrk sentrum gjennom ei sterk hovudrute for mjuke trafikantar, og fleire tverrgåande aksar (allmenningar). Legg byfortettinga i den nord/sørgåande aksa, og dei rekreative blågrøne allmenningane i den aust/vestlege retninga. Campusområdet/kjernen blir då ein integrert del av den eksisterande bystrukturen og rekreasjonsareala.




4. Etabler blågrønne koblinger

Straume vert opplevd som grått og hardt, og har i dag flater som vil handtera vatn dårleg. Handtering av vatn må implementerast i bystrukturane gjennom blågrønne løysingar, noko som forslaget set fokus på gjennom ein heilskapleg strategi for overvatn.


Strategien viser nye koplingar og samanhengar for menneske og dyr, samstundes som den bidreg til handtering av nedbør og auka vasskvalitet i byrom og sjøen. Eit viktig ledd i strategien er å bevare den austlege delen av Stovevatnet, inkludert kantar og kantvegetasjon.





5. Sats på grøn mobilitet


Styrk den mjuke mobiliteten ved å etablere ein mobilitetshub for effektiv avvikling for regionale bussar. Ei ny hovudrute for mjuke trafikantar skal etablerast i sentrum, med potensiale for å bli eit gjennomgåande element på Straume. Dei ulike delområda i sentrum skal utformast med nettverk av byrom og møteplassar som vert kopla saman av mindre snarvegar, smett og smug. Slik at sentrum totalt sett har eit variert og finmaska nett for fotgjengarar.






Parallellutbygging for Stovevatnet
18.03.2023
TEAM NORD ARCHITECTS

Siteplan
Skala 1:2000



6. Fyrtårnprosjekt for heile Øygarden kommune

Eit fyrtårnprosjekt kan vera bygningar som inneheld samhandling mellom fleire offentlege funksjonar og service, kultur og næring, eller eit bygg som manifesterer seg i høgda og gjennom arkitektonisk kvalitet. Det kan også vera noko anna enn ein bygning, som eit innovasjonsprosjekt eller eit samlande prosjekt for det offentlege (lokalt og regional), private aktørar og sivilsamfunnet.



Campusplassen
Pilotprosjekt

Oppsummering av teamets forslag. Se hele forslaget på kommunens hjemmeside.



STOVA I SENTRUM


TEAM


VILL ARKITEKTUR

SPACESCAPE

Forslaget tek utgangspunkt i 3 utviklingsstrategiar og viser lokale regenerative løysingar for globale kriser. Gjennom internasjonale og nasjonale avtaler har Øygarden kommune forplikta seg til ei meir berekraftig utvikling, med krav til reduksjon i utslipp. Desse avtalane vil vera styrande for korleis vi bygger i framtida. Både klimakrisa og naturkrisa påverkar oss. Utviklinga av Straume må bidra til å redusera klimagassfotavtrykk frå bygg og transport, og ta vare på og skapa meir grønt. Strategiane er:

1. Vi reduserer klimafotavtrykket til bygningane
2. Vi oppfyller nullvekstmålet for bilbruk
3. Vi skapar meir grønt enn vi tar







1. VI REDUSERER KLIMAFOTAVTRYKKET TIL BYGNINGANE

Strategien tek utgangspunkt i å redusera utslepp frå byggebransjen, då den står for samla sett 40% av verdas totale CO₂ utslepp, energibruk, materialressursar og avfall. For å greia dette må det røskast opp i den tradisjonelle avfallsflyten frå byggenæringa, og vi må vurdera riveobjekt som kan tilby materiale til nye byggeprosjekt. Vidare vert det foreslått ein forretningsmodell med 4 fasar:

1. Demontering – Alle rivingsobjekt må reelt vurderast for så og demonterast. Kommunen bør setta høge ambisjonar for kor store delar av materiale i eigne bygg som skal gjenbrukas og oppsirkulerast.
2. Sortering – Demontert materiale må sorterast i ulike produktkategoriar, og noko materiale vil måtta oppsirkulerast (bli til noko nytt/eit anna produkt), slik at avfall vert til nye ressursar.
3. Oppsirkulering og lagring – I forslaget er det teikna inn to ulike lokale til omarbeiding, kunnskapsdeling og sal. Det vert etablert ein transformasjonsfabrikk sør for sentrum, der vi skaper nye industriarbeidsplassar. I sentrum ved bussterminalen og torget vert det etablert ein gjenbrukshub, som vert ein enklare verkstad, møteplass, utstilling og salslokale for gjenbruk og oppsirkulerte produkt. Det kan arrangerast snikkarkurs og informasjonsmøte, og det vil vera ein stad der kunnskap om materiale kan delast.
4. Gjenbruk i nye bygg – Bruk av oppsirkulert materiale føreset at rådgivarar og arkitektar tenkjer annleis om designprosessar enn i dag. I ein gjenbruksproduksjon vil det vera dimensjonane og eigenskapane til materiala som styrer designet, og ikkje omvendt.






2. VI OPPFYLLER NULLVEKSTMÅLET FOR BILBRUK

Forslaget inneheld ein todelt mobilitetsstrategi. Den første delen tek for seg gatedesign, der det vert etablert fire ulike gatetypar med tydeleg prioritering av trafikantgruppene. Hovudfokuset skal vera framkomst for gåande, syklende og kollektivtransport. Sentrale parkeringshus/mobilitetshus skal kombinera offentlege rom, parkering, og kvardagslogistikk, og det skal etablerast lokale mobilitetspunkt i bygningar.


Den andre delen tek for seg prinsipp for planlegginga av studieområdet, og korleis det skal koplast på omgjevnadane. Her vert det blant anna foreslått prinsipp for funksjonell miks og utvikling som vil gi tilstrekkeleg befolkningsgrunnlag, slik at kvardagsaktivitetane kan gjerast til fots eller på sykkel.

Tette strukturar vil også gjera det mogleg å forsyne Straume med konkurransedyktig kollektivtransport. Massevis av grønne areal og tilgang til parkar og natur aukar trivselen.




PRINSIPP FOR BYFORM OG BYGGING


- Minst 200 % tomteutnytting
- Minst 15 % offentlege grønne areal
- Mellom 40 og 60 % blanding av bebuarar og arbeidrar
- 25-50 % grøntareal i kvart kvartal, med så mykje bakkekontakt som mogleg




GANGFARTSGATE




HØGFARTSGATE



LAVFARTSGATE




LAVFARTSGATE MED BUSS



**PRINSIPP FOR GATEROM**

- Maks 150 meter mellom fotgjengarfelt
- Minst 30 graders vinkel til den rådande vindretninga på viktige koplingar for fotgjengar og syklistar
- Minst 6 inngangar per 100 meter gate

PRINSIPP FOR VARELEVERING OG TRAFIKK

- Minst 3 meter takhøgdi i mobilitetshus
- Maks 400 meter mellom mobilitetshus og bustad
- Maks P-tall 0,3 for bustadbygg
- Lokale mobilitetsplassar med «pickuppoints» for matvarer og post vert etablerte i kvart nabolag





3. VI SKAPER MEIR GRØNT ENN VI TAR

Strategien går ut på at vi må bygga tettare enkelte stader for å kunna gi plass til større grøne område og parkar andre stader, også sentralt i sentrum. Det bør lagast ein verktøykasse for biologisk mangfald med tilhøyrande plankrav for å sikra at alle prosjekt gir meir enn dei tek.

Allereie frå start skal det etablerast ein stor park, slik at vi har eit midlertidig grøntareal som over tid vil transformeras til ein tett og grøen by. Vi seier derfor: Natur før byliv, byliv før byrom, byrom før bygg, og aller sist bygg.



NR.
549
2023

Ill.: Team Straume campus



Ill.: Team Stova i sentrum

Bylivsenteret og Norske arkitekters landsforbund

Bylivsenteret drives av Norske arkitekters landsforbund (NAL). NAL er en fagideell organisasjon for arkitekter som arbeider for å fremme god arkitektur og stedsutvikling, og utvikler forbilde-prosjekter innen miljø og bærekraft med våre samarbeidspartnere. Bylivsenteret bistår kommuner med bærekraftig by- og tettstedsutvikling, og tilbyr faglige råd og praktisk bistand i alle faser. Vi jobber for en bred og helhetlig forståelse av bærekraftbegrepet med et likeverdig forhold mellom sosial-, økonomisk- og miljømessig bærekraft.

bylivsenteret.no

arkitektforbundet.no

Norske Arkitektkonkurranser (NAK)

Norske Arkitektkonkurranser (NAK) er den eneste publikasjon i sitt slag, der arkitektkonkurranser og parallelloppdrag dokumenteres på en systematisk og profesjonell måte. For parallelloppdrag presenteres prosessen, arkitektenes bidrag og råd fra vurdeeringskomiteen. NAK oppleves av oppdragsgiver som et nyttig redskap i det videre arbeide med gjennomføring av stedsutviklingsprosjekter, samt at det gir god «markeds-føring» for kommunen og for prosjektene som skal realiseres.



Norske arkitekters
landsforbund

Josefines gate 34
NO-0351 Oslo

Tlf: 23 33 25 00
nal@arkitektforbundet.no
arkitektforbundet.no